



DEN NORSKE KYRKJA  
Bispemøtet

## Livsteiknet - eit hefte om dåpen

16.4.2020 09:49:16 | Den norske kirke

Med heftet **Livsteiknet** ønskjer Bispemøtet å stimulere til fornya refleksjon om dåpen.

LIVSTEGNET  
Et hefte om dåpen

LIVSTEIKNET  
Eit hefte om dåpen



***Til prestar, prostar, sokneråd, kyrkjelege fellelråd, kateketar, kyrkjelydspedagogar og andre kyrkjeleg tilsette.***

Dåpen står heilt sentralt i kyrkja sitt liv. Dåpen er ein viktig del av oppveksten til mange og det er ein god tradisjon. Samstundes er dåpen ikkje lenger like sjølvstekt. I kyrkja ønskjer vi å bli betre på å snakke med foreldre, ungdom og andre om dåpen. 2020 er difor eit år der Den norske kyrkja på ein særleg måte satsar på dåpen. Vi kommuniserer på nye måtar, vi inviterer til drop-in dåp, dåp på laurdagar og kvardagar, vi syng salmar om dåpen, og vi les og fordjupar oss i dåpens mysterium.

Bispemøtet fekk tidleg i 2019 ein førespurnad frå Kyrkjerådet om å utarbeide materiale om dåpen til kyrkjelydane. Biskopane vart samde om å utarbeide ein

kort tekst til opplesing i ei gudsteneste, og eit noko lengre ressurshefte for felles samtale og refleksjon blant kyrkjelege tilsette, sokneråd og frivillige.

[Dåpsgåva](#) vart sendt ut og lese opp i mange kyrkjer 2. søndag etter Kristi openberringsdag, 12. januar 2020. Ho vart først presentert på Trosopplæringskonferansen hausten 2019, og trykt i *Dåpsløftet*, som vart distribuert til konferansedeltakarane.

*Livsteiknet - eit hefte om dåpen*, vart fastsett av Bispemøtet 10.-14. februar 2020. Heftet vil de finne i elektronisk versjon på [kirken.no/bm](http://kirken.no/bm).

- Sjå og nedst i denne eposten der du finn lenker til heftet på både nynorsk og bokmål.

Med dette heftet ønskjer vi å stimulere til fornya refleksjon om dåpen. «*I dåpen har ein kristen nok å lære og øve på for eit heilt liv*», står det i Luthers Store katekisme. I så måte gir dette lille heftet eit bidrag. Kvart kapittel blir avslutta med nokre utvalde spørsmål som kan bli brukt som ein hjelp til refleksjonsarbeidet. Dette kan bli gjort av den einskilde som ei personleg fordjuping eller i fellesskap med andre i f.eks. prostilag, ped.team og sokneråd.

Dette brevet blir send til alle prestar, prostar, sokneråd og kyrkjelege fellesråd. Det er fint om brevet kan bli sendt vidare til kateketar, kyrkjelydspedagogar og andre kyrkjelege tilsette. Med ynskje om god lesing og meningsfull fordjuping.

Oslo, 16. april 2020

Med helsing

Atle Sommerfeldt, biskop, konstituert preses i Bispemøtet  
Christofer Solbakken, generalsekretær i Bispemøtet

## Dokumenter

---

[livsteiknet\\_nynorsk\\_hefte\\_web.pdf](#)

[livstegnet\\_bokmaal\\_hefte\\_web.pdf](#)